



To viktige og brennaktuelle spørsmål for Uskedalen kjem opp på møtet måndag 27. november. Her er eit panorama over store deler av bygda, med den aktuelle reinsestasjon-staden sentralt i biletet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Både einebustadprosjektet med åtte heilt like hus på Eiklandet og kloakkplanen for Uskedalen med kloakkreinsstasjon på Neset kjem opp på det opne møtet måndag 27. november. Då kan begge desse sakene, som har utløyst debatt i lokalsamfunnet, bli skikkeleg belyst.

Det er Uskedal Utvikling ved Bygdeutviklingsprosjektet som inviterer til møtet og det er enno ikkje bestemt kor det skal haldast. Prosjektleiar Kristian Bringedal i Bygdeutviklingsprosjektet seier til uskedalen.no at mannen bak bustadprosjektet, Arild Lillenes på Stord, sjølv har bede om å få orientere bygdefolket etter at det har utløyst reaksjonar.

Han har nyleg sendt byggjesøknaden til kommunen og avventar reaksjon derifrå før han gjer noko meir, har han sagt til uskedalen.no.

Ein innsendar i ei av lokalavisene meiner at prosjektet er 'margarinkasse-arkitektur' og ei annan meiner husa minner mest om bikubar.

Lillenes vil få sleppa til først på møtet og så kjem turen til kloakkprosjektet, der særleg framlegget om å leggja ein reinsstasjon på Neset har vekt reaksjonar.

Både kommunens representant og den engasjerte konsulenten vil orientere om planane til kommunen.

- Truleg er Lillenes-prosjektet langt betre enn det kan sjå ut på den skissa som er offengleggjort, seier Kristian Bringedal.

- Og kva er din meining om kloakkplanen?

- Fremfor alt bør vi uskedalingar vera glade og tilfredse over at det endelig er vår tur til å få orden på kloakktilhøva i bygda vår, truleg neste år. No får vi sanert mange kloakkanlegg som ikkje fungerer og vi får reinsa Storsundet.

Men eg forstår at kommunen er i ei innleiande fase med planleggjinga og at det ikkje er så lett å svara på alle spørsmål enno. Til dømes bør ein få veta kor stort planområdet er og kvar kloakkleidningane på land skal leggjast etter at dei er ført under sjøen frå reinsstasjonen – uansett om den blir lagt på Neset eller ein annan stad.

Eg reknar med at kommunen etter kvart vil ta kontakt med alle berørte partar og at mange relevante opplysningar vil vera lagt på bordet allereie før vi samlast til dette viktige møtet, seier Kristian Bringedal.

Av Ola Matti Mathisen

